

Song til Haramsøy

Tone: "Havet er skjønt..."

Kjem du frå Ålesund nord over leia,
ligg det på utsida øyer på rad.
Ei av dei, Haramsøy, det er vår eiga,
henne me via vil dette vårt kvad.
Ho ligg so trygg og so traust ut mot havet,
grønklædde strand inn åt gråbrune fjell
som stuper loddbeint mot nordvest i kavet,
havbåra der bryt til kvitaste mjell.

Ja, denne øya frå utgamle dager
fostra vel djerve og uredde menn.
Torfinn frå Haram, den lendmann so fager,
Audun frå Vindheim me minnest vel enn.
Slekt etter slekt her so trufast har bala,
funne sin hugnad, si glede og sorg.
Om sine vonbrot dei slett ikkje tala,
hugnad dei tok ikkje heller på borg.

Visst kan vel uveret rasa her ute
når stormen frå havet stend innover land,
då er ein glad ein fær stå bakom rute
i traustbygde huset som trufast held stand.
Men når i solblenk den stavstille sjøen
leikar so lint om den steinute strand,
då er det hugnad å ganga på bøen,
då er det hugnad å legge frå land.

Om me frå Haramsøy stamnen vår vende
utover havet til framande land.
Hugen då jamt vilde vende attende
heim til vår øy med si grønklædde strand.
Hende det so me fekk hugen vår stetta
og våre heimlege fjell steig or hav,
kjende me at me i hugen var letta.
Her vil me leva og finna vår grav.

Tekst: Elias R. Aakre (Elling-Elias)